

Tabellar for fylkeskommunane

Tabell 1-fk

Tabell 2-fk

Tabell 3-fk

Tabell A-fk

Tabell B-fk

Tabell C-fk

Tabell D-fk

Tabell E-fk

Tabell 1-fk

Rammetilskot til fylkeskommunane 2016

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572 post 60–64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 – *Sum rammetilskot 2016*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er basert på talet på innbyggjarar per 1. juli 2015. Skatteutjamninga blir gjort fortløpande gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene er kjende. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2016 og rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2017, og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir altså først klart i februar 2017.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og overgangsordninga for nytt inntektssystem. For meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet, sjå tabell 2-fk.

Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som ein sats per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er basert på talet på innbyggjarar per 1. januar 2015. Satsane for 2016 er prisjusterte.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 178
Troms	1 341
Finnmark	1 832

Kolonne 3 – Skjønstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser skjønstilskot til fylkeskommunane for 2016. Innanfor skjønnsramma til fylkeskommunane føreslår departementet å halde tilbake 101 mill. kroner til ekstraordinære hendingar m.m. i løpet av budsjettåret (reservepott).

Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2016

Sum av kolonnane 1–3.